



Til

Frøydis Haugen
Fonnebostvegen 15
N-5955 LINDÅS

Dykkar ref.:

Vår ref.:

5. januar 2018

Berekning av normalt avlingsnivå

I samband med søknad om erstatning for klimabetinga avlingsvikt i 2017, har Frøydis Haugen bede Norsk Landbruksrådgiving Vest SA om å sjå nærare på normalt avlingsnivå for gardsdrifta.

I perioden 2013-2016 var Frøydis deltakar i prosjektet *Grovfôr i pluss Nordhordland*. I prosjektperioden vart det årleg teke surfôrprøvar av både 1. -og 2. slått. Prøveuttaket er utført med kjerneuttak gjennom heile surfôrmassen, og representerer soleis heile avlinga som er lagra i tårnsilo. Prøvane vart analysert for pH og innhald av: tørrstoff (ts), energi (FEm), protein, gjæringskvalitet og mineral (makronæringsemne). Middel tørrstoffinnhald for dei tre åra var høvesvis 27 % ts for 1.slått og 25,5 % for 2.slått. Middel energiinnhald for dei same prøvane var 0,875 for 1.slått og 0,845 for 2. slått. Til vanleg er dermed surfôrkvaliteten for gardsdrifta svært god.

I samband med *Grovfôr i pluss Nordhordland* vart det også utført ein analyse av økonomien i grovfôrproduksjonen på gardsbruket, med tilhøyrande avlingsregistrering. Utrekninga synte at netto avlingsnivå på hausta areal var 450 FEm per daa.

I handsaminga av erstatningssøknaden, legg Fylkesmannen i Hordaland til grunn at avlingsnivået til gardsdrifta er 48 % av forventa normalavling i Lindås (540 FEm per daa for fulldyrka areal og 450 FEm per daa overflatedyrka areal). Med utgangspunkt i forventa normal avling i utrekninga (86 650 FEm) ligg det soleis til grunn at all dyrka mark årleg produserer 41 592 FEm til både slått og beite.

Ein innarbeidd metode for å berekna avlingsnivå er å ta utgangspunkt den totale energitrongen til husdyrproduksjonen gjennom eit år. Vedlagd utrekning syner at besetninga i alt har trong for 115 108 FEm per år. Etter at energiinnhaldet i 55 tonn kraftfôr vert trekt frå, er restposten på 66 359 FEm anteke å vere behovet for energi i grovfôr frå inneføring og beite.

Kring halvparten av grovfôropptaket til mjølkekyr i beiteperioden kjem frå hausta grovfôr (beitefôring). I tillegg vert kring 25 daa overflatedyrka areal nytta som beite, og det er rimeleg å anta at dette arealet produserer kring 200 FEm per daa. Samla årleg grovfôrproduksjon på fylldyrka -og overflatedyrka areal fordelt på ulike postar:

Hausta vinterfôr	Beiteopptak	Beitefôring	Sum
44 000 FEm	5 000 FEm	7 000 FEm	56 000 FEm

Normalt avlingsnivå i gardsdrifta utgjer difor (57 000/86 650) 66 prosent av normalavling for Lindås.

Med venleg helsing

Norsk Landbruksrådgiving Vest SA

Torleif Bakke Haavik